



Haugaland Kraft AS v/Bengt Rønnevik
Postboks 2015
5504 HAUGESUND

Dato: 23.09.2014
Vår ref.: 2014/373-10
Saksbehandlar: torslin
Dykkar ref.:

Haugaland Kraft AS - Nye Etne - Auka produksjon ved kraftverka i Litledalen - Etne kommune - Hordaland - Krav om arkeologisk registrering

Vi viser til brev frå NVE datert 30.10.2013, der Hordaland fylkeskommune er beden om å gje fråsegn til Haugaland Kraft AS si melding om auka produksjon ved kraftverka i Litledalen i Etne kommune, samt vårt brev til NVE, datert 05.02.2014. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Etter felles synfaring av tiltaksområda med prosjektleiar Bengt M. Rønnevig i Haugaland Kraft AS den 2. september 2014, blei det identifisert tre avgrensa utbyggingsområde med potensiale for funn av hittil ikkje registrerte automatisk freda kulturminne. Hordaland fylkeskommune finn det difor naudsynt med ei mindre arkeologisk registrering av desse områda.

For å oppfylle undersøkingsplikta i høve Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner § 9, må dette gjennomførast før vi kan gje fråsegn i saka. Registreringa vil avgjere om tiltaket kjem i konflikt med hittil ikkje registrerte kulturminne. Vi gjer merksam på at planane må reviderast, eller eventuelt leggjast fram for Riksantikvaren som dispensasjonsmynde, dersom det viser seg at tiltaket eller delar av dette kjem i konflikt med automatisk freda kulturminne.

I medhald av kulturminnelova §§ 9 og 10, må kostnadene ved registreringa betalast av tiltakshavar. Kostnadsoverslag er lagt ved. Skulle kostnadane overskride vårt overslag vil vi varsle dykk om dette.

Skriftleg godkjenning av kostnadsoverslaget med opplysningar om evt. organisasjonsnummer, samt signatur til den som er ansvarleg betalar, sendast til Hordaland fylkeskommune (scannet, signert svarbrev kan sendast pr. e-post). Når kostnadsoverslaget er godkjend vil vi ta kontakt for å få arbeidet utført så raskt som mogeleg. Feltsesongen er normalt frå april til november.

Med helsing

Per Morten Ekerhovd
fylkeskonservator

Tore Slinning
spesialrådgiver | arkeolog

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Norges vassdrags- og energidirektorat Postboks 5091
Jan Nordø

Vedlegg

1 Kostnadsoverslag